

Referat AU-møte nye Ålesund 24. mai

Dato: 24. mai 2017
Tid: kl. 9 til 12.00
Møteleiar: Eva Vinje Aurdal
Stad: Skodje

1. Kort statusorientering veke 19-20

- 7. styringsgruppemøte 18.5. – referat, samt oppdatert utgåve for intensjonsavtalen (skal vedtakast i kommunestyre) er utsendt 22.5. og lagt på nett - [lenke](#)
- Det er innkalla til koordineringsmøte mellom alle delprosjektlederane 2.6.

2. Neste styringsgruppemøte vert 19.6.

- Styringsgruppemøte 1.6. vert flytta til 19.6. Møtestad Sjøholt, Ørskog. Dette er siste møtet i styringsgruppa før fellesnemnda tek over.
- AU-møte satt til 20.6. må også flyttast, koordinator forsøker å finne ledig dato for dette.

3. Møtekalender hausten 2017

- Kommunestyra i Ålesund og Sandøy har satt møtekalender for hausten, dei tre andre kommunane har ikkje satt møtekalender enno.
- AU og fellesnemndmøter haldast ei veke i forkant av formannskaps- og kommunestyremøter i Ålesund og Sandøy. Haram, Ørskog og Skodje vil å setje opp eigne møtekalendrar som harmoniserer med dette.
- Koordinator blei bedt om å koordinere datoane mot fylkeskommunens møtekalender. Dette blei gjort i ettertid, og AU-møter vart då flytta til onsdagar.
- Onsdagar og torsdagar vert faste møtedagar. Det er 8 dagar mellom AU og fellesnemnd. I tillegg er det lagt inn datoar for intern førebuing mellom koordinator og rådmennene.

| Førebuing internt: rådmannsgruppa og koordinator | Arbeidsutval møter | Fellesnemnd møter |
|--|----------------------|-----------------------|
| 8. august | onsdag 16. august | torsdag 24. august |
| 29. august | onsdag 6. september | torsdag 14. september |
| 19. september | onsdag 27. september | torsdag 5. oktober |
| 10. oktober | onsdag 18. oktober | torsdag 26. oktober |
| 31. oktober | onsdag 8. november | torsdag 16. november |
| 21. november | onsdag 29. november | torsdag 7. desember |
| 12. desember | | |

4. Politisk sekretariat til fellesnemnda

- Fellesnemnda skal ha sakssystem etter vanleg kommunestandard – fellesnemnda må frikjøpe ein formannskapssekretær frå ein av administrasjonane.
- Rådmannen i Haram undersøker om formannskapssekretæren er interessert i å påta seg denne oppgåva, og kor stor frikjøpsprosenten bør vere. AU antyder 40 % frikjøp første året.

- Det bør også utpeikast ein formannskapssekretær frå ein annan kommune som diskusjonspartner og backup. Rådmennene blir einige om kven dette kan vere.
- Koordinator sørger for ei stillingsbeskriving for denne rolla/frikjøpet.
- Det bør setjast opp eit eige saksystem for fellesnemnda – dette kan ta tid.

5. 5. Val av representantar fellesnemnda

- **Namn:** Kvar kommune skal ha klar namna fem faste og fem vararepresentantar til fellesnemnda innan styringsgruppemøtet 19. juni.
- **Vara:** I mandat for fellesnemnda (utkast) pkt. 2.1. står det at vara skal veljast i rekkefølge. Dersom nokre av kommunane ynskjer personleg vara, må alle kommunane først bli einige om å endre pkt. 2.1. i mandatet. AU tolkar ordet «vara i rekkefølge» som *direkte* rekkefølge frå 1 til 5, ikkje rekkefølge per parti. Det er ulik praksis for dette i kommunane.
- **Kjønn:** Vi har spurt fylkesmannen: Er kravet om at begge kjønn skal vere representert minst 40% knytt til fellesnemnda si samla samansetjing eller til kvar enkelt kommune sine medlemmar? Gjeld kravet også vararepresentantar?

| Kommune | Menn | Kvinner | Sum |
|------------|-----------|----------|-----------|
| Haram | 3 | 2 | 5 |
| Sandøy | 2 | 3 | 5 |
| Skodje | 4 | 1 | 5 |
| Ørskog | 5 | 0 | 5 |
| Ålesund | 3 | 2 | 5 |
| SUM | 17 | 8 | 25 |

Dette er omtalt i Rundskriv til lov av 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova). H – 10/15 Oppdatert mars 2017» - kapittel 5.3. Fellesnemnd Inndelingslova §26 side 41: «*Det følgjer av § 26 første ledd siste punktum at reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalte organ elles gjeld tilsvarande ved samansetjing av fellesnemnda. Kommunelova har reglar om balanse mellom talet på kvinner og menn i folkevalte organ. Dette kravet knyter seg ikkje til den totale samansetjinga av fellesnemnda, men kravet knyter seg til val av fellesnemnd i den einskilde kommunen. Så lenge kommunane følgjer valreglane i kommunelova, vil fellesnemnda ikkje vere ulovleg samansett sjølv om ikkje begge kjønn er representert med minst 40 prosent. Departementet har i rettleiaren "Lovlighetskontroll etter kommuneloven § 59", H-2299, gitt uttrykk for at fylkesmannen bør nytte sin kompetanse til å kontrollere om kommunale vedtak er lovlege på eige initiativ etter kommuneloven § 59 nr. 5 med varsemnd.» - [lenke](#) til rundskivet.*

23.5.17 svarte Fylkesmannen v/Vigdis R. Vestad:

«*Valg til fellesnemnd skal skje etter kommunelovens regler jf. inndelingslova § 26. Koml. § 36 nr. 2 oppstiller et krav om kjønnsmessig balanse. Kravet gjelder for de enkelte lister, dvs. her vil kravet gjelde for listen til den enkelte kommune. Det følger vidare av koml. § 37 nr. 3 at det så langt det er mulig, skal kravet til kjønnsmessig balanse (jf. koml. § 36 nr. 2) sikres i valgoppgjøret ved at det underrepresenterte kjønn rykker opp. Kravet om kjønnsmessig balanse gjelder også for varamedlemslisten. Skodje og Ørskog oppfyller ikke kravet i koml. § 36 nr. 2.»*

Ordførar i Ørskog og ordførar i Skodje gjorde greie for kva dei har gjort for å få til kjønnsmessig balanse. Dei vil gå ein ekstra runde med formannskap/kommunestyre for å tilstrebe dette. Om ein likevel ikkje oppnår balanse, sender ordføraren ei skrifteleg grunngeving om at ein *så langt som mulig* har jobba for å sikre kravet (jf. svar over). Koordinator oversender grunngevinga til fylkesmannen, slik at nye Ålesund får denne vurdert og godkjent før fellesnemnda trer saman i august. (Om fylkesmannen ikkje skulle godkjenne grunngevinga, må vi ha tid til å endre samansetjinga før 24. august).

6. 6. Reglement godtgjerdle fellesnemnda m.v.

- Synnøve Vasstrand Synnes har tidlegare presentert utkast til reglement for godtgjerdle, vi må jobbe vidare med dette fram til første AU-møte 16. august.
- Vi må sjå på fylkeskommunen si ordning for godtgjerdle - [lenke](#)
- Vi må også sjå til reglementet i nye Asker.
- Reglementet vert etter planen vedteke i første møtet i fellesnemnda.

7. Felles kommunestyremøte og førebuande sakshandsaming i kommunestyra

- Kwart kommunestyre er i gang med dialogprosess, jamfør referat styringsgruppemøte sak 43/17. Kvar ordførar orienterte om prosessen i eigen kommune.
- Oversikt datoar kommunane handsamar saker til felles kommunestyremøte:

| | Formann- skapsmøte | Kommune- styremøte | Lenker - vedtak |
|---------|-----------------------|-----------------------|--|
| Haram | 6. juni | 15. juni | Lenke til formannskapssakene i Haram |
| Sandøy | 29. mai | 8. juni | Lenke til formannskapssakene i Sandøy |
| Skodje | 24. mai | 31. mai | Vedtak formannskapet – lenke til orienteringssak kommunestyret - Intensjonsavtalen vedtatt. - Drøftingsaker: Som innstillinga, utanom tal på kom.st.repr. (77) |
| Ørskog | 31. mai | 8. juni | Lenke til formannskapssakene i Ørskog |
| Ålesund | 16. mai | 23. mai | Lenke til kommunestyresakene i Ålesund (ferdigbehandla) - Intensjonsavtalen vedtatt. - Drøftingsaker: Som innstillinga. |

8. Intensjonsavtalen – oppdatert utgåve ferdig

- Endeleg oppdatert utgåve vart ferdig handsama i styringsgruppa 18.5. sak 42/17, og er no sendt kvar kommune til endeleg vedtak før signering.
- Ordførarane signerer avtala på nytt i styringsgruppemøte 19. juni.

9. Prosjektstilling IKT og digitaliseringsarbeid

- AU vedtar å utlyse ei prosjektstilling knytt til strategisk IKT og digitaliseringsarbeid så snart som råd, jf. vedtak i e-kommune Sunnmøre.
- Dette inneber at fellesnemnda også må avsetje lønnsmidlar til stillinga ut prosjektperioden.
- Synnøve Vasstrand Synnes presenterte utkast til utlysningstekst (vedlegg). Rådmannsgruppa og koordinator ferdigstiller denne og sørgjer for utlysning før sommaren.

10. Delprosjekt: Politisk organisering, demokrati og medverknad

- AU innstiller Kari Grindvik og Olav Kjetil Sjøholt som leiar og nestleiar av delprosjekt 11.
- Solberg koordinerer prosjektet i samråd med leiarane.
- Representantane i delprosjektet er:

| | | |
|--------|--|------------------------------------|
| Haram | Politisk repr.: Svein Harsjøen (FRP) | Felles vara: 1. Gunn Rigmor Aarnes |
| | Politisk repr.: Trine Otterlei (AP) | Felles vara: 2. Kristian Stråmyr |
| | Administrativ repr.: Elin Moen | |
| Sandøy | Politisk repr.: Åse Kristin Ask Bakke (AP) | |
| | Politisk repr.: Nils Magne Abelsest (H) | |
| | Administrativ repr.: Kim A. Breivik (førebels) | |
| Skodje | Politisk repr.: Modolf Hareide (SP) | Felles vara : 1. Geir Olav Leite |
| | Politisk repr.: Kari Grindvik (V) | |
| | Administrativ repr.: Bente G. Vikhagen | |

| | | |
|-------------|---|-------------------------|
| Ørskog | Politisk repr.: Olav Kjetil Sjøholt (H) | |
| | Politisk repr.: Helene Børretzen Fjørtoft (KrF) | |
| | Administrativ repr.: Synnøve | |
| Ålesund | Politisk repr.: Øystein Tvedt (H) | |
| | Politisk repr.: Geir Stenseth (FrP) | |
| | Administrativ repr.: Irene Kalstad Aase | |
| Tillitsvald | Geir Skodje (Unio) | Vara: Stein Inge Skogen |
| Nye Ålesund | Demokratirådgevar Mads Solberg | |

- Oversikt vedtak om deltaking i KS-prosjekt og KMD-prosjekt som tidlegare omtalt:

| | Kommune- styremøte | Lenker - vedtak |
|---------|-----------------------|---|
| Haram | 11.5. | https://goo.gl/ats1wO |
| Sandøy | 11.5 | https://goo.gl/1wWHpi |
| Skodje | 10.5 | https://goo.gl/Wg76gl |
| Ørskog | 8.6. | Behandlast i politisk styringsgruppe. |
| Ålesund | 23.5 | https://goo.gl/fkJh3K |

Solberg har innkalt til oppstartsmøte i prosjektet 7.6.17.

11. Nye kontorlokale i Ålesund, bruk av midlar

Prosjektorganisasjonen har fått lokale i lavblokka 3. etg. Ålesund rådhus. Dette er eit kontorfellesskap med eit større kontor + tre mindre m/indre dører. Kontorfellesskapet er opent tilgjengeleg for publikum – nyttar hovuddør til biblioteket. Her vert fleire kontorplassar:

- Komande rådmann/prosjektrådmann
- Prosjektkoordinator
- Demokratirådgevar
- Kom.ansvarleg (Anne Bente beheld kontor i 10. etg., og sit i fellesskapet deler av tida)
- Komande prosjektstilling IKT og digitalisering
- Andre med frikjøp m.v.?

Det er ikkje møblement i lokala, koordinator har derfor bestilt dette etter innkjøpsavtalen til Ålesund kommune. Nye Ålesund må dekke kostnaden på ca. 90.000,- (ca. 15.000 pr. kontorplass) Vi har tatt lokala i bruk, så snart møblement er på plass skal vi informere på nett om lokalisering.

Dette betyr ikkje at nye Ålesund sitt kontorfellesskap skal vere her fram til 2020. Lokalisering er noko fellesnemnda må avgjere etter kvart.

12. Fagforeiningane sin representasjon i delprosjekta

Fagforeiningane har meldt inn følgjande namn, her kan det kome endringar:

Personal og omstilling (5 namn): Maren Kongsnes Ørskog NSF, Geir Lorentzen Skodje UDF, Laila Alvestad Sandøy Fagforbundet, Endre Hellandsvik Haram UDF, Lindis Dalebø Ålesund Fagforbundet

Kommunikasjon: Tove Solheim Kristensen Skodje NSF

Interkommunalt samarbeid: Frode Nordstrand Ålesund Fagforbundet

IKT og digitalisering: Endre Hellandsvik Haram UDF

Arkiv: Michael Werner Ørskog Fagforbundet

Økonomi: Ramona Pilskog Skodje Delta

Innkjøp: Laila Alvestad Sandøy Fagforbundet

Matrikkel, kart, oppmåling: Randi Alvestad Haram Fagforbundet

Plansamordning og planstrategi: Arne Neumann Ålesund TV AFAG

Kulturbygging og verdiar: Lindis Dalebø Ålesund Fagforbundet

Politisk org., demokrati og medverknad: Geir Skodje Ørskog UDF, vara Stein Inge Skogen Sandøy UDF
Overordna administrativ struktur: Hanne Tønning Ålesund Delta

13. Søknad til KMD om infrastrukturmidlar – frist 1. juni

Viser til utlysning frå KMD med svarfrist 1. juni «Tilskudd til veier og digitaliseringstiltak i kommuner som skal slå seg sammen» - [lenke](#). I 3. styringsgruppemøte på Ørskog 19.1.17 gjorde vi følgjande vedtak i sak 04/17 og 05/17:

«04/17 vedtak: Styringsgruppa for nye Ålesund kommune vedtek å sende søknad om støtte til infrastrukturtiltak som binder den nye kommunen saman. Prosjektkoordinator, saman med planleggingsmiljøa i nye Ålesund kommune, kvalitetssikrar at søknaden er i samsvar med kriteria for ordninga.

05/17 vedtak: Styringsgruppa vedtek at ein ønskjer å starte arbeidet med å realisere full fiberutbygging, også i utkantane der det ikkje er kommersielt lønsamt. For å finansiere dette vil ein nytte inntil 20 MNOK av engongsbeløpet som kommunereforma utløyser. Dette er forankra i intensjonsavtalen for den nye kommunen, punkt 6.4.2. Ein ber difor innkjøpskontoret om å lage eit anbodsdokument og ein gjer arbeidsutvalet mynde til å ha dialog med innkjøp om endeleg utforming av anbudet innanfor rammene i dette vedtaket. Ein må på dette stadiet ta atterhald om endeleg godkjenning av finansieringa, som styringsgruppa ikkje har mynde til, men som Fellesnemnda får når den vert konstituert etter samanslåingsvedtak i Stortinget.»

(Fylkesmannen ga beskjed om at vi måtte avvente søknad til den nye utlysinga frå KMD førelåg.).

- Søknaden frå nye Ålesund må byggje på vedtaka i styringsgruppa frå 19.1.. AU påpeikar samstundes at desse vedtaka ikkje heilt er treffande ift. utlysningsteksten til KMD/føringane for kva kommunane kan søke om. Mellom anna vil det i henhold til utlysning «*ikke gis tilskudd til generell bredbåndsutbygging for kommunens innbyggere*», men utlysningen åpner allikevel opp for støtte til fiber/bredbånd «*til drift av den nye kommunen*».
- AU påpeikar at denne søknaden må sjåast i samanheng med satsing på digitalisering og IKT, herunder oppretting av eiga stilling, jf. punkt 9.
- AU gjev rådmennene og koordinator i oppdrag å ferdigstille ein søknad og sende denne innan fristen.

14. Oppretting av nytt delprosjekt: Overordna administrativ organisering – kartlegging

- AU opprettar delprosjekt som går i gang med *kartlegging* av administrativ struktur slik at kartleggingsarbeidet er klart til rådmann for nye Ålesund er på plass. Grunngeving: Mange andre delprosjekt er avhengig av framdrift i beslutninga om administrativ struktur. Er kartlegging ferdig til rådmann er på plass, vil dette hjelpe på framdrifta.
- Kartleggingsarbeidet gjerast administrativt, jf. kartlegging interkommunalt samarbeid. Rådmennene plukkar ut ein administrativ representant og melder namnet til koordinator.
- Organisasjonsmodellane i kommunane i nye Ålesund må kartleggast. Det må også innhentast ulike eksempel frå andre kommunar med ein samanliknbar størrelse, og sjå på fordelar og ulemper med desse.

15. Oppretting av nytt delprosjekt: Vann, avløp og renovasjon (VAR-området)

- Det er allereie oppretta delprosjekt for matrikkel, kart og oppmåling. AU opprettar eit tilsvarande prosjekt for vann, avløp og renovasjon.
- Kim Andre Brevik vert delprosjektleder. Rådmennene i dei fire andre kommunane plukkar ut ein administrativ representant og melder namnet til koordinator.

16. Mandat for nytt delprosjekt: Interkommunale samarbeid

- AU oppretta reit politisk delprosjekt for å vurdere interkommunale samarbeid, på bakgrunn av kartlegginga som føreligg. Delprosjektet må kome raskt i gang.
- Ordførarane plukkar ut ein politisk representant frå sin kommune og melder namnet til koordinator. Det må i tillegg delta 1 (evt. 2) administrativ representant, rådmennene og plukkar ut kven dette skal vere.
- Koordinator må utforme mandat for dette delprosjektet som leggst fram for AU.

17. Overordna styringsdokument «Slik bygger vi Ålesund kommune 2020»

- AU hadde fått oversendt utkast til det overordna styringsdokumentet for nye Ålesund. Dette styringsdokumentet er overbygning, ramme og retning for både fellesnemnd og alle delprosjekt, dvs. eit svært viktig dokument for prosjektet.
- Tekst i intensjonsavtalen (mål m.v.) er innarbeidd i utkastet, dette må vidareforedlast.
- Denne modellen viser målhierarki og er førande for oppbygginga av styringsdokumentet:



- AU vil prioritere tid i siste styringsgruppemøte å utarbeide styringsdokumentet slik at det kan leggst på nettsida og sendast til delprosjekta. Arbeidet skal særleg omhandle visjon, effektmål, resultatmål, suksesskriterie og overordna ROS-analyse med tiltak.

18. Program/agenda for styringsgruppemøte 19. juni

Stad: Sjøholt, Ørskog.

Tidsramme: 9 - 15

Hovudsaker i dette møtet vert:

- Signering av intensjonsavtale.
- Felles kommunestyremøte – saker og gjennomføring av dagen.
- Styringsdokumentet «Slik bygger vi nye Ålesund kommune» med vekt på visjon, mål, suksessfaktorar og overordna risikoanalyse (ROS) m/tiltak.
- Fellesnemnd, AU og PSU hausten 2017: Representantar, møtekalender, formannskapssekretær m.v.
- Stillingsprofil og stillingsannonse rådmann nye Ålesund.
- Avslutning for styringsgruppa sitt arbeid!